

SAK 40/12 PROSJEKT KOMPETANSE-, LÆRINGS- OG MEISTRINGSSENTER

Saksopplysning

Regionrådet for Hallingdal drøfta i sak 32/12 Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal, vidareføring og finansiering, der det vart gjort slikt vedtak:

Regionrådet løyver kr. 175.000 pr. år i 2013, 2014 og 2015, til prosjektarbeidet for lokalmedisinske tenester i Hallingdal jmf. pkt.2 i intensjonsavtala. Midlane blir som utgangspunkt teke frå disposisjonsfondet, men det skal søkast om bruk av skjønsmidlar for dei respektive åra.

Prosjektgruppa ynskte her og ei avklaring på finansiering av delprosjekt Kompetanse, lærings- og meistringssenter. Utgangspunktet var då eit 3-årig prosjekt med til saman 110 % stilling (60+50 %). Førebels finansiering av eit stipulert budsjett på kr. 725.000 pr. år var kr. 400.000 frå Helsedialog. Både ut frå tidlegare vedtak og ikkje avklara finansiering, meinte Regionrådet at førebels avklarande arbeid i forhold til eit Kompetanse, lærings- og meistringssenter, kunne skje gjennom hovudprosjektet.

Prosjektgruppa for Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal har i notat dat. 12.9.2012 (vedlegg 1) skissert eit framlegg til ei tilpassing av prosjektet. Til grunn ligg framleis tildelinga frå Helsedialog på kr. 400.000,- for 2012.

Prosjektgruppa har no foreslått ei framdrift av prosjektet med ei gradvis opptrapping som er delt i tre fasar. Oppstart av kvar fase krev vurdering av ressursinnsats og økonomisk dekning og med politisk avklaring. Dei tre fasane er skissert slik:

Fase 1 oktober 2012 – august 2013 (11 mnd)

1. Oppstart av eit fag- og styringsråd for prosjektet (innan utgangen av okt. -12)
2. Tilsetjing av prosjektkoordinator 60 % (innan utgangen av febr. -13)
3. Søknadar om prosjektmidlar frå eksterne kjelder (innan utgangen av april -13)
4. Utarbeiding av prosjektplan med økonomiplan (innan utgangen av juni. -13)
5. Avklaring i hovudprosjektgruppe og regionråd (innan utgangen av august -13)

Fase 2 september 2013 – august 2014 (12 mnd)

6. Igangsetjing og utprøving av pasientretta tiltak (i perioden ut juni 2014)
7. Midtvegsevaluering, tilpasning prosjektplan /økonomiplan (innan utgangen av juni -14)
8. Avklaring i hovudprosjektgruppa og regionråd (innan utgangen av august -14)

Fase 3 september 2014 – desember 2015 (16 mnd)

9. Vidareføring og utviding av pasientretta tiltak (i perioden ut desember -15)
10. Igangsetjing og utprøving av kompetansebyggjande tiltak (i perioden ut des. -15)
11. Evalueringsrapport og evt. framlegg til fast etablering (innan utgangen av juni -15)
12. Avklaring i hovudprosjektgruppe, regionråd og kommunestyre (innan utg. av sept -15)

Vurdering

Dagleg leiar oppfatar at prosjektet i fase 1 skal utgreie innhald, leggje dei nødvendige føringar for å starte opp det pasientretta arbeidet og avklare finansiering.

Vidareføring av prosjektet i fase 2 er avhengig av at hovudprosjektgruppa tilrår prosjektplanen overfor Samarbeidsutvalet /Regionrådet, og vil ikkje kunne setjast i gang før ein har politisk aksept. Dette er planlagt at skal skje innan utgangen av august 2013.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal har ikkje merknadar til at prosjektgruppa for Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal set i gang arbeid (fase 1) med avklaringar for eit Kompetanse, lærings- og meistringssenter i Hallingdal. Regionrådet føreset at arbeidet er finansiert.

Ål 15.9.2012
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Notat frå prosjektgruppa for Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal, dat. 12.9.2012

NOTAT Til regionrådet
frå prosjektgruppa for Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal

Dato 12.09.12

Tilpasning av Prosjekt Kompetanse, - lærings- og meistringssenter

Bakgrunn

Prosjektgruppa viser til tidlegare notat til regionrådet datert 13.08.12. Etter tilbakemelding frå regionrådet legg prosjektgruppa fram eit framlegg til ei tilpasning av prosjektet. Til grunn ligg framleis søknaden frå Hallingdalskommunane til Helsedialog og tildelinga frå Helsedialog på kr. 400.000,- for 2012.

Framdrift

Prosjektgruppa ser at det er naudsynt å tydeleggjera ei framdrift av prosjektet med ei gradvis opptrapping. Nedanfor er skissert tre faser. Oppstart av kvar fase krev vurdering av ressursinnsats og økonomisk dekning av denne. Prosjektgruppa vil be om ei politisk avklaring før kvar av dei tre fasene.

Fase 1 oktober 2012 – august 2013 (11 mnd)

1. Oppstart av eit fag- og styringsråd for prosjektet (innan utgangen av okt. -12)
2. Tilsetjing av prosjektkoordinator 60 % (innan utgangen av febr. -13)
3. Søknadar om prosjektmidlar frå eksterne kjelder (innan utgangen av april -13)
4. Utarbeiding av prosjektplan med økonomiplan (innan utgangen av juni. -13)
5. Avklaring i hovudprosjektgruppe og regionråd (innan utgangen av august -13)

Fase 2 september 2013 – august 2014 (12 mnd)

6. Igangsetjing og utprøving av pasientretta tiltak (i perioden ut juni 2014)
7. Midtvegsevaluering, tilpasning prosjektplan /økonomiplan (innan utgangen av juni -14)
8. Avklaring i hovudprosjektgruppa og regionråd (innan utgangen av august -14)

Fase 3 september 2014 – desember 2015 (16 mnd)

9. Vidareføring og utviding av pasientretta tiltak (i perioden ut desember -15)
10. Igangsetjing og utprøving av kompetansebyggjande tiltak (i perioden ut des. -15)
11. Evalueringsrapport og evt. framlegg til fast etablering (innan utgangen av juni -15)
12. Avklaring i hovudprosjektgruppe, regionråd og kommunestyre (innan utg. av sept -15)

Nedanfor går ein berre inn på fase 1, dei øvrige fasar må utgreiast etter kvart.

Fase 1

Ad 1 Oppstart av eit fag- og styringsråd for prosjektet

Fag- og styringsrådet vert i hovudsak sett saman som skissert i søknaden. Det er hovudprosjektgruppa som vedtek samansetjinga av fag- og styringsrådet etter innstilling om representantar frå kvar av partane. Det skal vere ein representant frå kvar kommune, representantar frå Vestre Viken og frå Uviklingscenteret for Buskerud. Andre instansar som er nemnt i søknaden, bør inngå i ei referansegruppe.

I fase 1 skal fag- og styringsrådet leggje dei faglege føringane for prosjektet, tilsetje prosjektkoordinator og vere nære samarbeidspartar til denne i arbeidet med søknader om prosjektmidlar og utarbeiding av prosjektplan.

Representantane for kvar enkelt kommune må pårekne betydeleg tidsbruk til prosjektet, særleg i fase 2 og 3. Representantane vil vera kontaktperson for pasientar og personell og lokal tilretteleggjar i kvar enkelt kommune for alle lokale kurs og opplæringstiltak. I løpet av fase 1 må tidsbruken i dei to neste fasane vurderast nærare. Men hovudprosjektgruppa ser dette som den eigeninnsatsen kommunane må stille med og som i prosjektsøknaden er anslått til samla ei stilling for Hallingdal.

2. Tilsetjing av prosjektkoordinator 60 %

Prosjektkoordinator må ha adekvat bakgrunn for prosjektet, dette må fag- og styringsrådet fastsetje saman med ei avklaring av tilsetjingsforhold, arbeidsgjevaransvar, dagleg ansvarleg, arbeidsstad m.m. Stillinga vil i fase 1 vere ei deltidstilling på 50-60 %. Det er avgjerande viktig at prosjektkoordinator går inn i eit tett samarbeid med hovudprosjektleiari, Vestre Viken HF og Utviklingscenteret for sjukeheimar i Buskerud. Midlane frå Helsedialog vil dekke lønn i fase 1 pluss driftsmidlar.

3. Søknadar om prosjektmidlar frå eksterne kjelder

Ein viser til notat av 13.08 og søknaden til Helsedialog som legg vekt på at drifta av KLM-senteret må baserast på delprosjekt og samarbeid med eksterne aktørar som t.d. Kysthospitalet i Stavern. Ressursinnsatsen i fase 2 og 3 vil derfor måtte tilpassast tilgangen på eksterne prosjektmidlar. For å få dette til, er det nødvendig at prosjektkoordinator i fase 1 opparbeidar eit nettverk med relevante samarbeidspartar og er aktiv på prosjektsøknader. Her kan ein samarbeide tett med Utviklingscenteret.

4. Utarbeiding av prosjektplan med økonomiplan

Prosjektplanen som skal vera ferdig sommaren 2013, skal leggje dei nødvendige føringar for å starte opp det pasientretta arbeidet i fase 2 frå hausten 2013. Ressursinnsatsen må tilpassast den ressurstilgangen ein har. Målsetjinga må imidlertid vera at ein frå hausten 2013 i tillegg til prosjektkoordinator også får inn ein prosjektmedarbeidar i 50 % stilling, slik søknaden til Helsedialog og delprosjektrapport 3 gjer greie for. Hovudprosjektgruppa reknar med at fag- og styringsrådet vil leggje dei endelege føringar for kva for pasientgrupper prosjektet skal starte opp arbeidet med. Hovudprosjektgruppa vil likevel påpeike at innsatsen bør rettast mot grupper der ein ser gevinstar umiddelbart og på kort sikt. Arbeid retta mot helsefremmande og forebyggande tiltak må sjåast i samanheng med utgreiingsarbeidet i hovudprosjektet på dette feltet.

5. Avklaring i hovudprosjektgruppe og regionråd

Vidareføring av prosjektet i fase 2 er avhengig av at hovudprosjektgruppa tilrår prosjektplanen overfor Samarbeidsutvalet / regionrådet og vil ikkje kunne igangsetjast før ein har politisk aksept for dette. Av omsyn til arbeidssituasjonen for prosjektkoordinator bør desse avklaringane koma før sommaren, men altså seinast innan utgangen av august -13.

For prosjektgruppa

Øystein Lappegard